

Huldremøte på Helgheim

04.09.2012

Sundag 16. september blir det huldremøte i ord, dans og tonar på Helgheim. Her får ein møta den tidlause og moderne huldra og dei som framfører det er Magdalena From Dells, Tiril Eirunn Einarsdotter og Maria Malmsten. Det er den svenske Vittra ein møtar. Ho er vakker, eigenrådig, mystisk, sterk og fridomslengtande og ho har ein raud svans!

Ho lokkar, syng og dansar og ho vil ha deg med i leiken. Og ho kan skapa seg om til ein katt!

Musikken er gamle norske og svenske folketonar og også nykomponerte låtar skreve for dei 3 i ensemblet.

Tirill Eirunn som spelar fele er dottera til Maria, den mangeårige dirigenten for Røysterett for alle. Magdalena er dans- og dramapedagog. Førestillinga er framført mange stader på Vestlandet og blir vist 3 andre stader i kommunen før den kjem hit.